



Skuleavis i ungdomsskulen

Kvifor skuleavis som prosjekt?

Ny læreplan i norsk frå hausten 2020

Kompetansemål

10. trinn:

- «lage sammensatte tekster og begrunne valg av uttrykksformer»
- «informere, fortelle, argumentere og reflektere i ulike muntlige og skriftlige sjangre og for ulike formål tilpasset mottaker og medium»
- «skrive tekster med funksjonell tekstbinding og riktig tegnsetting og mestre rettskriving og ordbøying på hovedmål og sidemål»
- «uttrykke seg i ulike sjangre og eksperimentere med sjangre på kreative måter»



Fordele arbeidsoppgåver

- Redaktør
- Ansvarleg for formgjeving
- Journalistar
- Fotografar
- Redigerer av foto
- Annonselesjarar
- Ansvarleg for å lage teikneseriar, vitsar/gåter og dikt

Selje annonsar:

Ta kontakt
med lokalt
næringsliv

Døme på brev til
aktuelle annonsørar

Skuleavis

10. trinn ved xxx skule lagar skuleavis i vinter. Det er i samband med norskprosjekt der elevar skal lære å lage ei avis frå idé til ferdig produkt.

Det kostar ein del å kopiere opp avisa. Avisa er i fargar og blir trykt i eit opplag på 60 eksemplar. Ho blir seld i xxx.

Avisa inneheld arbeid som elevane sjølve har skrive: artiklar, reportasjar, dikt, forteljingar, teikneseriar med meir.

Det er rekna med å gå med ein del kostnader til kopiering av avisa.

Vi vil med dette tilby dykk ein annonse i avisa.

Ja, vi vil ha ein fargeannonse i skuleavisa (Set kryss)

___ ¼ A4-side, ca. 18 x 6 cm høg, eventuelt 9 x 12 cm høg kr 200,-

___ ½ A4-side, ca. 18 x 12 cm høg kr 400,-

Rekning kan sendast til:

Namn på firma: _____

Kontaktperson: _____

Gateadresse: _____

Postnr./stad: _____

E-post: _____

Vi ber om at annonsen med logo vert send til avisa innan (dato) _____.

Send annonsen i jpg-format til kontaktlærer xxx.

E-post: xxx

Det er fint om du sender i den storleiken du ønskjer annonsen i.

Signatur kontaktperson for bedrifta


Ulike måtar å lage ei framside på



Hovudsak i høgdeformat med mindre saker i spalta til venstre.



Hovudsak i breiddeformat med mindre saker under.



Eitt bilete dominerer framsida.

Lesarvennleg tekst

- Det enkle er det beste
- Svart tekst på kvit bakgrunn er lettast å lese
- Skrifftype: Bruk ein skrifftype laga for brødtekst, til dømes Times New Roman eller Calibri
- Skriftstorleik: 10–12 punkt
- Titlar: 20–40 punkt
- Skil ut bilettekstar og namnestripa frå brødteksten, til dømes ved bruk av ein annan skrifftype eller kursiv
- I namnestripa («byline») skal det stå namnet til den som har skrive teksten, og eventuelt fotograf.
- Ha ingress og mellomtitlar i feit skrift

- Kvit skrift på svart bakgrunn er vanskelegare å lese
- Ein må tenkje på kven ein skriv til. Ei skuleavis blir lesen av mange besteforeldre med dårleg syn. Difor må det vere lesarvennleg.

Element i ein artikkel

Ingress

Tittel

Namnstripe

Bilete

Brødtekst

Mellomtitlar

TRE LÆRARTIPS: Munnleg samtale, skriftlege innleveringar og lek er nokre av undervisningsmetodane Sigrun Heggen Leivdal brukar når ho underviser utanlandske elevar i nynorsk.

– Snakk, skriv og lek

TEKST: *Anna Kirsten Aaland Hellevang* FOTO: *Anna Kirsten Aaland Hellevang*



SIGRUN HEGGEN LEIVDAL frå Nordfjordeid er kontaktlærer på vg2 utstillingsdesign, og ho er oppteken av at elevane lærer nynorsk ikkje berre i norskfaget, men i alle fag, også yrkesfag.

– Ja, eg tykkjer det er viktig at elevane lærer å snakke nynorsk, som ligg nærast den dialekta dei mæter leing seg her i Nordfjord, seier ho.

– Har du tre gode tips til lærarar som får utanlandske elevar i klassa?

– Vi har dei siste åra brukt tid på å lese fagtekstar og gå igjennom omgrep og fagord etterpå. Dette er korte tekstar og artiklar henta frå nettet, aviser og liknande, og som er aktuelle, fortel Leivdal.

Ho seier at når dei går igjennom tekstane, ser dei når noko er uklart, eller om det er noko elevane har forstått på ulike måtar. Ho meiner at elevane gjennom slik diskusjon lærer språket betre.

Viktig å øve skriftleg

– Å lære norsk er ein laaaang veg å gå for veldig mange elevar, presiserer Sigrun.

Ho understrekar at det tek lengre tid å lære det skriftlege språket og raskare å lære det munnleg.

Kontaktlæraren meiner det er viktig at elevane jobbar grundig med skriftlege innleveringar, og at dei får moglegheit til å arbeide med fleire utkast.

– Det kan vere eit tips å ha førsteutkast, der dei får tilbakemelding og litt retting på det dei bør arbeide med, fortel ho.

Sigrun Heggen Leivdal fortel at elevane kan levere både første- og andreutkast før dei leverer inn det endelege svaret på oppgåva.

– Dette brukar eg å gje som tilbod til elevane. Nokre nyttar seg av det, andre ikkje, smiler ho.

Lære gjennom lek

Å gjere nynorsk morosamt med leikar er også noko som Leivdal har prøvd ut. Eitt døme er at elevane får trekkje eit fagord, og så må dei skrive eller seie kva det tyder.

– Her kan ein variere på mange måtar for å gjere det både lærerikt og kjekt for alle elevane i gruppa, fortel læraren. ■

Ulike tema i avisa

Forslag til tema:

- Fremst s. 3: Nyhende
- Sport
- Kultur
- Teikneseriar
- Vitsar/gåter
- Historier
- Annonсар
- Siste sida: Kultur

Døme:

Teikneseriar er samla på ei side



Dagbladet



Skuleavis

Oversikt – plan for avis med 16 sider

- For å ha oversikt over kor mykje plass kvar sak kan ta, lagar ein ei oversikt på eit A4-ark der ein skriv inn sakene og rekkjefølgja på dei.
- Dette skal redaktøren gjere og gje vidare til ansvarleg for layout.



Døme på plan for skuleavisa Langs fjorden, Åkra.

Layout:

- Book Creator
- Microsoft Office Publisher
- Microsoft Office word

Redigere foto:

- Bruke program på data, gratisprogram på nett eller program som skulen har lisens på.
- Rediger ved å velje utsnitt, skru opp kontrast og lysne foto.

Kamera

- Digitalt kamera
- Nettbrett
- Mobilkamera (dersom skulen opnar for det)


Kopiering

- Kopiere på kopimaskin på skulen eller rådhuset.
- Hugs sidetal på avisa.

Ekskursjon:

- Besøkje ei lokalavis.

Dataprogram – utstyr



Skjermdump: Book Creator

Få gjerne oppslag i lokalavisa om skuleavisprosjektet

- Stolte elevar i lokalavisa
- Skuleavis gir meirsmak
- Fleire elevar har skrive artiklar til lokalavisene

KVINNHERINGEN ONSDAG 13. APRIL 2011 23

Flott skuleavis frå Åkra



LAGA AVIS: Elevane ved 5-7. trinn på Åkra skule viser fram den flotte skuleavisa dei har laga. Framme i v. Tordis Karitas Alme, Ole Martin Hillesdal, Asgeiv Vågen, Sighjorn Tungesvik Dahle, Birgitte Shan Qv Farestveit, Maren Rauge Vik, Oda Vågen, Oskar Jøgteberg og Elin Bakka. Bak frå venstre: Deimantas Reinart, kontaktlærar Anna Kirsten Hellevang, Mikal Hjelø Øvsteba, Ruth Solveig Årthun Bergane, Heidi Øvsteba Kvarne og Andreas Ølvesveit. Sylwia Wojcik var ikkje til stades då bildet vart teke.

Elevane ved 5-7. trinn på skulen i Åkra har laga ei skuleavis dei kan vera stolte av.

Det er tydeleg at mange av elevane ved Åkra skule har ei framtid i avisbransjen. I nesten to månader har dei jobba med å produsera skuleavis i norskumane.

under rettleiing av lærar Anna Kirsten Hellevang. Ho har sjølv jobba som journalist.

— Elevane har jobba med alt frå ideutvikling og skrivning av saker til sal av annonser, layout, bildebehandling og korrektur. Det var viktig at alle skulle visa att i avisa, og at alle kunne bidra med noko. Nokre hadde roller som redaktørar og journalistar, nokre var fotografar og behandla

bilde, nokre hadde ansvar for annonsesal, medan andre laga teikneseniar, vitnar og gåter, fortel Hellevang.

Avisa har elevane vald å kalla «Langs fjorden», og inneheld mange spennande saker i ulike sjangrar. Imanfor nyhendesjangeren har elevane skrive om ras på skulevegen, og intervjuja ein elev som ikkje brukte hjelm då han dan i skibakken. Innanfor kultur

finn vi i avisa ei sak som handlar om då skulen fekk besøk av forfattaren Bente Bratland som inspirerte elevane, og ei sak om skyteskolen i Matre der elevane frå Åkra og Matre kan ha skytetrening ein gong i veka. Nokre elevar har også intervjuja beste-foreldra sine om andre verdskrig. I tillegg finn ein andre småsaker «4 i 4H-klubben», kunstutstilling på skulen og småstoff

som teikneseniar og hobbyysider.

— Elevane har jobba svært godt med skuleavisa, og vi er alle stolte av den. Dei har fått mykje god respons, og i tillegg går pengane til ein barneheim i Columbia, fortel Hellevang.

Mona Greeningen
mona@kvinnheringen.no

Oppslag i avisa Kvinnheringen i Vestland fylke.

